



VOS2A BARNEHAGEN

EIN GOD START FOR ALLE

Mandat

Ein barnehage for framtida

Bakgrunn

Barnehagane på Voss har over tid hatt utfordringar med å levera eit kvalitativt godt tenestetilbod grunna ei stadig aukande utfordring knytt til rekruttering. Mange barnehagar har høgt sjukefråvær, og me ser at det vert vanskelegare å rekruttera nok pedagogar og andre ressurspersonar til barnehagane.

Den demografiske utviklinga på Voss og i kommunane generelt har endra seg dei siste åra, og skal endra seg dei komande åra. Dette er alt ei stor utfordring for Vossabarnehagen, som no står overfor utfordringar knytt til lågare barnetal enn tidlegare og mangel på tilgang på tilsette. Dette har konsekvensar for kvaliteten på barnehagetilbodet. I 2024 har ein i barnehagane på Voss sett ei aukande utfordring med å rekruttera nok tilsette til alle barnehagane og store utfordringar med å få tak i nok vikarar. Konsekvensar av dette er at me ikkje leverer eit barnehagetilbod på det nivået som me ynskjer, og me klarar ikkje å ivareta våre tilsette på ein god nok måte i fleire av barnehagane. For å sikre berekraftig drift og god ressursutnytting, er det nødvendig å gjennomføra ein grundig gjennomgang av barnehagestrukturen for å ivareta krav til kvalitet og kompetanse i den einskilde barnehage.

Voss herad sitt prosjektet Voss iPluss 2027, stiller krav til at alle kommunalavdelingar må omstille tenestene til å verta berekraftige, det vil seie at me har både folk og pengar til å dekkja framtidige behov og tenester for Vossabarnehagen. Dette prosjektet er ein del av oppvekst sin prosess for å stetta målsetjingane i det overordna prosjektet.

Mål og rammer

Målsetting – overordna mål

Hovudmålet er å realisera omstilling i barnehagesektoren, for å levera eit kvalitativt godt barnehagetilbod med nok tilsette der me sikrar berekraftige tenester med føreseielege rammer og kvalitet på barnehagetilbodet.

- At me klarar og rekruttera og behalda tilsette.
- At me har berekraftige tenester som oppfyller pedagog og bemanningsnorm, og at me har bygg og einingar som stettar meir fleksibel bruk av ressursar.



- Sikre at alle barn har eit godt og trygt barnehagemiljø og sikre god kvalitet på tenestene som fremjar leik, læring og utvikling.

Resultatmål - kva:

Prosjektet skal etablera eit kunnskapsgrunnlag for å skissera fagleg begrunna alternativ og tilrådingar for endringar i barnehagestrukturen. Utgreiinga skal resultera i at det vert lagt fram ulike alternativ til strukturendring, som til dømes kan omfatta områda i og kring sentrum, i vest og i nord. Kvart alternativ skal vurderast med effektar på kvalitet/born, tilsette, økonomi og klima og miljø.

Utgreiinga skal resultere i forslag til tiltak som sikrar:

1. **Berekraftige barnehageeiningar:** Barnehagar med tilstrekkeleg barnetal for å oppretthalde god kvalitet, fleksibilitet og som følgjer krava til norm for pedagog og grunnbemanninga. Barnehagar som har nok tilsette, som toler svingingar i sjukefråvær og som har det utstyret dei treng.
2. **Oppfylling av kompetansekrav:** Alle barnehagar har tilstrekkeleg bemanning for å møte både nasjonale og lokale krav i lov og rammeplan.
3. **Framtidsretta struktur:** Barnehagestrukturen og bygga er rusta for framtidige demografiske og økonomiske endringar, og at me planlegg for ein struktur og bygg som står seg 30 år fram i tid.

Innhald i utgreiinga

Tema som *bør* vurderast i gjennomgangen inkluderer, men er ikkje avgrensa til:

- **Demografisk utvikling:** Kartlegging av befolkningsutviklinga i ulike tettstader og i kommunen generelt, med fokus på prognoser for barnehagebarn dei neste 30 åra. Det bør beskrivast kva tal barnehageplassar ein bør ha i høve befolkningstettleik i dei ulike områda. Kartleggja utviklinga i barnetalet i dei ulike barnehagane over tid.
- **Kompetansekrav:** Analyse av i kva grad barnehagane oppfyller gjeldande krav til pedagog og bemanningsnorm og tilgang på vikarar.
- **Ressursutnytting:** Gjennomgang av barnehagebygg og ledig kapasitet, samt fleksibilitet i utnytting av personalressursar. Moglegheiter for oppgåvedeling bør vurderast i utgreiinga. Sambruk av utstyr og leikeapparat er relevant å sjå på i utgreiinga.
- **Geografiske og transportmessige faktorar:** Vurdering av barnehagens plassering, og i kva retning foreldra køyrer for å koma på arbeid. Utgreiinga skal gjera greie for reiseveg frå yttergrensene til barnehagane i dag og til barnehagane i forslaga som blir utarbeida.
- **Tilstandsvurdering av barnehagebygga:** Tilstanden i barnehagebygga skal vurderast ut frå tre kriterium. Det fyrste er teknisk stand for å kartlegga no-situasjonen. Dei to andre er rom for tilpassing av barnehagane (fleksibilitet) og om dei har dei funksjonane som trengs for dagleg drift (funksjonalitet). Barnehagebygg som har god teknisk standard, er fleksible og funksjonelle, vil då berre ha behov for teknisk oppgradering i levetida. Der det er dårleg score på alle tre, må det vurderast riving el nybygg. Målet er framtidsretta bygg og ein stabil struktur, 30 år fram i tid.



- **Vurdering av økonomiske og miljømessige konsekvensar:** utgreiinga skal kartlegge konsekvensar for nærmiljøet. Vidare må det verte vurdert kva konsekvensar endringar vil ha for miljø og økonomi.
- **Barnets beste:** jf. Lovverk og barnekonvensjonen

Organisering av prosjektet

Oppdragsgivar: Rådmannen

Administrativ styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe

Prosjekteigar: Kommunalsjef oppvekst

Prosjektleiari: Leiar for barnehage

Prosjektgruppe/arbeidsgruppe: Styrarar, leiar for barnehage, hovudtillitsvalde , hovudverneombod og representant frå Strategi og styring. Representant frå kommunalavdeling teknisk skal delta i kartleggingsfasen og analyseprosessar.

Prosess og medverknad

Arbeidet skal gjennomførast i tett dialog med relevante interessentar, inkludert:

- Leiinga og tilsette i barnehagane
- Foreldre
- Borns rett til uttale og medverknad skal sikrast i prosessen
- Politisk leiing og administrasjon i Voss herad
- Fagforeiningar og vernetenesta
- Det skal utarbeidast ein kommunikasjonsplan som tek i vare både budskap og ansvar for kommunikasjon ut mot innbyggjarar, politikarar, tilsette og andre interessentar.
- Rapportering som del av det overordna prosjektet Voss iPluss 2027

Gjennomgangen skal bygge på både kvantitative og kvalitative data, inkludert befolkningsprognosar, økonomiske analyser og status på barnehagebygg. Prosess knytt til barnehagebygg må sjåast på i samanheng med kommunalavdeling for tekniske teneste sitt prosjekt om arealeffektivisering av kommunale bygg.

Oppgåver og framdrift

Oppgåve	Kven	Frist
Etablere mandat	Kommunalsjef	4. februar 2025
Politisk orientering om mandat	FPL	13. mars 2025
Revisjon mandat	LEV	11. juni 2025
Revisjon mandat	FPL	12. juni 2025



Kartlegging og analysar/utgreiing av ulike alternativ	Leiar barnehage	27. juni 2025
Medverknadsprosessar til utgreiing av ulike alternativ	Leiar barnehage	Mai/juni 2025
Ferdigstilling høyringsutkast av kunnskapsgrunnlag og tilrådde endringar	Leiar barnehage	22. september 2025
Kunnskapsgrunnlag og tilrådde endringar vert lagt ut på høyring i 6 veker	LEV	15. oktober 2025
Kunnskapsgrunnlag og tilrådde endringar vert lagt ut på høyring i 6 veker	FPL	16. oktober 2025
Ferdigstilling av rapport og tilrådingar for framtidsretta barnehagestruktur	Leiar barnehage	2. januar 2026
Politisk handsaming	FPL/LEV/HS	Januar/Februar 2026
Iverksetjing av endringar	Leiar for barnehage	2026/2027

Interessentar

